

## - Hjelpa frå Gode Sirkclar var avgjerande

I 2012 fekk 33 gründarar hjelp frå Etablerartenesta, som vert drive av Gode Sirkclar. Ove Heradstveit er ein av dei.

På eitt år har nettstaden hjelptilhjelp.no fått 400 daglege brukarar.

- Hjelpa frå Gode Sirkclar har vore avgjerande for å lukkast, seier gründaren. På hjelptilhjelp.no kan ein finne kurs og andre hjelpe-tilbod i landet retta mot psykisk helse. Det er gratis å registrere tilboda.

### Depresjon kostar milliardar

Tal frå Folkehelseinstituttet viser at psykiske lidningar kostar det norske samfunnet 70 milliardar kroner årleg. Det er ei av hovudårsakene til sjukefråvær. Depresjon kostar mest.

- Tidleg behandling kan hindre at depresjon utvikler seg. Diverre er det kun 1 av 3 med store psykiske helseplagar som søker hjelp, og ofte stoppar hjelpen hos fastlegen. Mange legar fortel at dei har liten oversikt over kva for hjelpetilbod som finst, fortel Heradstveit. Han er psykolog, bur på Knappskog og jobbar til dagleg i PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste) i Øygarden.



Lettare psykiske lidningar startar ofte i ung alder og fører ofte til langvarig sjukefråvær, gjentekne sjukdomsperiodar og kanskje uføre.

- Det er dokumentert at kurs i depresjonsmestring, KID-kurs, er effektiv behandling. På hjelptilhjelp.no er det registrert meir enn 100 slike kurs, fortel gründaren.

### Treng kapital til vidareutvikling

- Å drive nettstaden er på veg til å bli lønsamt. Eg ser eit stort potensial for vidareutvikling, det er mellom anna gode moglegheiter for inntening i form av annonsar. Men tida mi er ei utfordring, difor ønskjer eg å kome i kontakt med investorar som som kan bidra med nok kapital til at eg kan satse for fullt, seier Ove Heradstveit.

## Pengedryss til Kysteventyret

**Fylket gjev 260.000 kroner til vidareføring av Kysteventyret. – Det er ei anerkjenning av reiselivsatsinga, seier Sigmund Kvernes i Gode Sirkclar.**

Kvernes meiner at Hordaland Fylkeskommune med dette sender eit sterkt signal om at ein ønskjer å vidareføre satsinga.

- Fylket stadfestar med dette dei signala som er kome om at ein ønskjer at Kysteventyret skal ta ei rolle som reiselivsaktør i Hordaland, i tråd med dei nye føringane, seier dagleg leiar i Gode Sirkclar.

Større einingar står sentralt i Regjeringa si reiselivstrategi, det kan difor bli aktuelt for Kysteventyret å ta ein posisjon på vegne av fleire kystkommunar enn Fjell, Sund og Øygarden. Kvernes understrekar at det no er viktig at dei tre kommunane ser på reiselivsatsinga som eit regionalt samarbeid.

Dei tildelte midlane skal gå til områdeutvikling, kompetanseheving og produktutvikling (til dømes rundturar for turistar).

Kysteventyret er for tida i dialog med Sartor Storsenter for å sjå på moglegheitene for å samarbeide, opplyser prosjektleiar Line Steinsland Mosnes i Kysteventyret.

### Fjell vil lære av trøndarane

Administrasjonsleiinga i Fjell kommune er denne veka på vitjing i Trondheim. Turen er ei kunnskapsreise som er kome i stand via Gode Sirkclar sitt nettverk og samarbeids-partnarar. Her skal dei møte FoU-miljøa (forskning og utdanning) ved NTNU og Sintef, og dele erfaringar knytt til utviklingssamarbeidet mellom Fjell og Sintef. Byutvikling og felles helseutfordringar knytt til eldrebølgja står på agendaen. Fjell-rådmann Steinar Nesse skal snakke om dei utfordringane offentleg sektor vil møte og kva rolle FoU-miljøa kan spele.

## Påskemarknad



Det er igjen duka for Fiskarbondens Marknad, med i alt 16 utstillarar, i Sartor Storsenter 21. mars kl. 12-18. Du vil finne gjengararar som Urtemakeriet, Glesvær kafe, Marit med sin berømte gele, og Dekor design med souvenirprodukta. Her vil òg vere nye utstillarar; Turid presenterer sine handlaga såper og kremar, medan Svanhild og Halvor presenterer husflidprodukt av skinn. Anna som vil vere til sals er honning, strikk, trearbeid, fotografi, smykke og søm. Grunna ombygginga i senteret flyttar marknaden til Glassgården v/Baker Brun. Nokre av utstillarane vil du finne på Akertorget v/Kundeservice. Fiskarbondens Marknad er fødd av Kysteventyret, men vart i 2012 etablert som eige samvirke.

## 5 konkurrentar - ei felles bedrift

**Gode Sirkclar sitt arbeid for å fremje samarbeid i næringslivet gjev resultat. Fem bedrifter vil kjøpe aksjar i ei ny, felles ingeniørbedrift.**

Bedriftene er medlemmer i Verkstedsgruppen VNR, som er eit resultat av Gode Sirkclar-prosjektet Kompetanseforum Vest. Bransjegruppa i Vest Næringsråd har kring 20 medlemmer knytt til teknisk og mekanisk industri på Sotra.

Verkstedsgruppen VNR har sidan juni i fjor arbeidd med planar om å danne ei ingeniørbedrift for å sikre tilgang på ingeniørkompetanse. Fem bedrifter er positive til å kjøpe aksjar i selskapet. Aktørane vil bidra med til saman minst ein million kroner i eigenkapital. Det kom nyleg fram på eit møte.

Ingeniørbedrifta skal lokaliserast til Ågotnes eller Straume. Dei tilsette skal kunne utføre oppdrag for eigarane knytt til design, modellering og konstruksjon. Det gjev eigarane moglegheit til å ta på seg større oppdrag i fellesskap.

Ei styringsgruppe skal no utarbeide ein forretningsplan for ingeniørbedrifta. Planen vil vere grunnlaget for ein søknad om økonomisk stønad frå Innovasjon Noreg. Tiltaket oppfyller kriteria i Bedriftsnettverk-ordninga, og det er mogleg å få inntil 300.000 kroner til eit forprosjekt, og inntil 750.000 kroner per år i tre år til sjølve gjennomføringa.

Aktørar frå verkstadsindustrien jobbar òg med å samle seg om ei felles stand under Offshore Technology Days (OTD) 2013 i Stavanger til hausten, under navnet "Verkstedsgruppen Sotra".



Deltaking hadde vore for kostnadskrevjande for bedriftene enkeltvis, seier leiar Trond W. Nilsen i Verkstedsgruppen VNR.

- Det let seg gjere takka vere samarbeidet vi har fått til, seier han.